

ID 331.25
AMH/thm

Ordførarar og kommunedirektørar/rådmenn i Sunnhordland

INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET
Fredag 14. februar kl. 09.00, Alsaker Fjordbruk, Tysnes

Tidsplan:

Kl. 08.35	Ferja frå Jektavik til Hodnanes
Kl. 09.00	Orientering Alsaker Fjordbruk v/ Kristian Råsberg, samfunnskontakt
Kl. 10.00	Orientering Klimaråd Vestland v/ Bente Kari Sletten Taranger
Kl. 10.15	Kraftgruppa v/ Morten Helland
Kl. 10.30	Sak 44/25: Kvar kommune førebur 5 min kvar. Det er sett av 1,5 time totalt inkludert drøfting til denne saka. Sjå saksutgreiing.
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 12.30	Orientering Kulturkontoret
Kl. 13.00	Sakshandsaming
Kl. 13.50	Møteslutt. Ferje kl.14:10.

Sakliste:

Sak 43/25	Godkjenning av sakslista
Sak 44/25	Sunnhordlandsrådet – fast agenda, erfaringsdeling og oppgåvedeling
Sak 45/25	Høyring: Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033
Sak 46/25	Skriv og meldingar <ul style="list-style-type: none">a) Møte med industrinettverket i marsb) Rein Hardangerfjord
Sak 47/25	Ymse

Sunnhordland, 7. februar 2025

Tora Haslum Myklebust
Dagleg leiar

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 14. februar kl. 09
Alsaker Fjordbruk, Tysnes

Sak 44/25
AMH/thm

Sunnhordlandsrådet – fast agenda, erfaringsdeling og oppgåvedeling

Kommunane i Sunnhordland står overfor fleire felles utfordringar som kan handterast betre gjennom samarbeid. Eit sentralt problem er kraftunderskotet i regionen, med unntak av Kvinnherad, som har tilgjengeleg kapasitet. Dette påverkar både næringsutvikling og samfunnsvekst.

For å møte regionale utfordringar, har kommunane allereie etablert fleire interkommunale samarbeid. Til dømes samarbeider dei om legevakttenester gjennom Sunnhordland interkommunale legevakt IKS, og om avfallshandtering via Sunnhordland interkommunale miljøverk IKS.

Vidare kan kommunane styrkje samarbeidet innan til dømes områda helse og omsorg, utdanning og infrastruktur. Etablering av felles plankontor kan sikre betre arealplanlegging og ressursutnytting. Samarbeid om kompetansekravjande tenester, som spesialiserte helsetilbod, kan gi innbyggjarane eit betre tenestetilbod. Gjennom eit samarbeid kan kommunane i Sunnhordland stå sterkare i møte med framtidige utfordringar.

I arbeidsutvalet den 31. januar blei det lagt fram eit ynskje om at det blei sett av 1,5 time i regionrådsmøte den 14. februar, til å drøfte akkurat denne type problemstillingar. Det blei og fremma eit ynskje om ein tydlegare fast agenda for regionrådsmøta.

Saka blir lagt fram for drøfting, kor ein startar med ein runde rundt bordet, kor kvar kommune får 5 minutt til å presentere sine innspel.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 14. februar kl. 09
Alsaker Fjordbruk, Tysnes

Sak 45/25
AMH/thm

Høyring: Planprogram og hovudutfordringar for oppdatert vassforvaltningsplan 2028-2033

Vassforvaltningsplanen skal oppdaterast for planperioden 2028-2033. Planprogram og dokument om dei viktigaste utfordringane for vassmiljøet i Vestland er på høyring. Sjå vedlagte dokument.

Det er den gjeldande vassforvaltningsplanen for 2022-2027 som skal oppdaterast for planperioden 2028-2033. Formålet til planen er å sikre ei heilskapleg og samordna forvaltning av vassmiljøet, der alle sektorstyresmakter (statlege, regionale og kommunale) bidreg for å oppnå målet om god miljøtilstand i alt vatn.

Høyringsfrist 30. juni 2025.

Høyringa blir lagt fram til drøfting i Sunnhordlandsrådet, for å vedta om det skal sendast ein felles uttale eller ikkje.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 14. februar kl. 09
Alsaker Fjordbruk, Tysnes

Sak 46/25
AMH/thm

Skriv og meldingar

a) Møte med industrinettverket

Pga. regionalt møte med NAV den 28. mars, er det no spelt inn forslag om å flytte møte med Industrinettverket til 11. april. Vonar det passa flest mogleg.

b) Rein Hardangerfjord

Framtidshavet hadde i utgangspunktet planer om å gjennomføre årets Rein Hardangerfjord i juni. Etter ei ny runde med vurdering har dei vedtatt å behalde det opphavlege tidspunktet for aksjonen i september. Datoen for den neste Rein Hardangerfjord-dugnaden blir torsdag 18. september 2025.

Framtidshavet har valt å gjennomføre dugnaden på hausten på grunn av hekkande sjøfugl i perioden 15. april til 15. juli. Det er tilrådd å gjere unna rydding i strandsona før 15. april og etter 15. juli.